



Masfjorden kommune

Innkalling av Kraftfondsstyret

Møtedato: 21.04.2015

Møtestad:

Møtetid: 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

001/2015 Godkjenning av innkalling og sakliste

002/2015 Godkjenning av møtebok

003/2015 søknad om støtte til utarbeiding av Masfjord-kofta - Rips garn og interiør AS

004/2015 Årsmelding kraftfondet 2014

17. april 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/319

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2015	Kraftfondsstyret	PS	21.04.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/319

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2015	Kraftfondsstyret	PS	21.04.2015

Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Kraftfondsstyret - 22.04.2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/84

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2015	Kraftfondsstyret	PS	21.04.2015

søknad om støtte til utarbeiding av Masfjord-kofta - Rips garn og interiør AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rips garn og interiør as får tilskot med inntil kr. 15.000 til utvikling av Masfjord-kofta

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rips garn og interiør ynskjer å lage ei masfjord-kofta. Utgifter til design er 15 000,- hos Hillesvåg ullvarefabrikk. Me ynskjer å utarbeide 3 design, dame, herre og barn. Me vonar at Masfjorden kommune kan ta denne utgifta då me trur at ei slik kofta vil skape mykje blest og positiv omtale om kommunen.

Vurdering

Det vert søkt om støtte til utarbeiding av Masfjord-kofta og kostnadene med dette er kalkulert til kr. 15.000. Vedtektene til kraftfondet § 5 tilseier støtte med hhv. inntil 25/75% avhenging av form. Ein tilråd i denne samanheng å knytte tilskotet som eit marknadsføringstiltak av kommunen under budsjettposten profilering av kommunen/div i kraftfondsbudsjettet for 2015.

Fakta

5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte”.

Søknad om støtte til utarbeiding av Masfjord-kofta – kalkulert til 15.000.

Konklusjon

Rips garn og interiør as får tilskot med inntil kr. 15.000 til utvikling av Masfjord-kofta

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		15/334

Saknr	Utval	Type	Dato
	Kommunestyret	PS	
004/2015	Kraftfondsstyret	PS	21.04.2015

Årsmelding kraftfondet 2014

32T

Vedteken strategisk næringsplan

Evaluering av Kraftspel 2014 (L)(9735)

Årsmelding kraftfondet 2014_epost

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga 2014 vert teken til vitring. Unytta midlar 2014 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

retningsliner for bruken av kraftfondet § 7 Årsmelding

Kvart år skal det leggast fram for kommunestyret ei melding om bruken av kraftfondet.

Årsmeldinga for kraftfondet skal innehalda:

- Rekneskap
- Oversyn over prosjekt
- Analyse over korleis fondet er nytta sett i høve til prioriteringa i strategisk næringsplan
- Trong for endringar i prioriteringar/retningsliner for bruken av kraftfondet for neste år

Vurdering

Konsesjonsavgifta for 2014 er justert opp, og gav dermed meirinntekter utover budsjett med om lag 210.000 for kraftfondet i 2014 – og dermed samla inntekt på nær 3 mill.kr.

Midlane er i stor grad disponert i tråd med budsjettet for 2014. Avvik skuldast at vi ikkje fekk tildelt midlar til fibersatsinga (breiband-/mobildekning) og ikkje behov for eigenkapital gjennom kraftfondet til dette prosjektet. Det vart heller ikkje nytta midlar til bustadføremål og dermed litt mindreforbruk på grunnlag av desse to føremåla. På den andre sida har vi nytta ein del meir enn budsjettert til kraftspela – og viser til eigen rapport på dette avviket. Samla sett kjem ein ut med eit mindreforbruk i 2014. Det er i tillegg utbetalt 2 lån a 200.000 i 2014.

For 2014 vart det avsett ein litt pott til vidarefordeling til næringsføremål, og derav og låg

søknadsmase på midlar via kraftfondet.

I den grad det er trong for endringar i prioriteringar/retningslinjer for bruken av kraftfondet kan vi seie at dette er innarbeidd i budsjettet for neste år. Tiltak i 2014 er i stor grad i samsvar med gjeldande strategisk næringsplan og fokusområda som denne planen tek opp.

Fakta

Viser til sjølve årsmeldingshefte

Rekneskap Masfjorden kraftfond 2014		Budsjett	Rekneskap
		2014	2014
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000	-2 812 668
	Avdrag utlån frå kraftfondet	-140 000	-131 899
	Renteinntekter, utlån	-10 000	-19 197
	Sal av turbok	0	-900
	Sum inntekter	-2 750 000	-2 964 664
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2015	350 000	326 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	532 696
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	24 300
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
	Sertifikatordninga	30 000	15 000
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000	0
	Tilrettelegging bustadføremål	150 000	0
	Elevbedrift/grundercamp	20 000	1 000
	mobil/breibandsdekning	400 000	0
	Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0	82 669
	Landbrukstiltak	0	0
	Andre næringsstiltak - (GMU med 250.000)	250 000	250 000
	Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	0	34 731
	Etableringstilskot	120 000	80 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	80 000	30 000
	Sum utgifter	2 750 000	2 476 396
	utlån 2014		400 000
	Unytta 2014:		-88 268

Kraftfondsaker 2014		Søkt om		Løyvd		handsama av kraftfondet;	K-styre handsaming	Brukte midlar 14
Sak nr.	Søklar/tiltak	Tilskot	Lån	Tilskot	Lån			
	Budsjett 2014 - Masfjorden kraftfond							
1.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	22.04.2014		0
2.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	22.04.2014		0
3.	referatsak(er)	0	0	0	0	22.04.2014		0
4.	årsmelding kraftfondet 2013	0	0	0	0	22.04.2014	30.4.14- 23/14	0
5.	utbygging av tømmerkai Eidsnes	80 000	0	0	0	22.04.2014		0
13.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	09.09.2014		0
14.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	09.09.2014		0
15.	stordalen skisenter - søknad om lån til trakkemaskin	0	200 000	0	200 000	09.09.2014	18.9.14 -47/14	200 000
16.	Delegerte saker	0	0	0	0	09.09.2014		0
6.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	02.12.2014		0
7.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	02.12.2014		0
8.	Kraftfondsbudsjettet for 2015	0	0	0	0	02.12.2014		0
9.	JMS musikk - søknad om midlar frå kraftfondet	11 000	0	0	0	02.12.2014		0
10.	Haugsværtunet - søknad om tilskot frå kraftfondet	60 000	0	0	0	02.12.2014		0
11.	Delegerte saker	0	0	0	0	02.12.2014	11.12.14 - 86/14	
12.	referatsak(er)	0	0	0	0	02.12.2014		0

Konklusjon

Årsmeldinga m/rekneskap 2014 vert vedteken slik den ligg føre

STRATEGISK NÆRINGSPLAN

MASFJORDEN KOMMUNE



2012 – 2016



Kommunestyret 13/9-12

Innhold:	Side
Målsetting	3
1. Næringslivet i Masfjorden i dag	3
1.1 Samarbeidspartnerar	3
2. Utvikling over tid	4
3. Swot-analyse	5
4. Fokusområde	7
4.1. Infrastruktur	7
4.2. Omdømebygging og marknadsføring	8
4.3 Ungdom, kompetanse og utdanning	9
4.4 Entreprenørskap og innovasjon	10
5. Næringslivet i Masfjorden i framtida	11
6. Planarbeidet	12
7. Oppsummering tiltaksplan	13

Målsetting:

50 nye arbeidsplassar i perioden fram mot 2020.

1. Næringslivet i Masfjorden i dag

Masfjorden kommune har jobba mykje med trivsel og bumiljø. Der er me i Noregstoppen og har gode tenestetilbod og nøgde innbyggjarar. I motsetning hamnar kommunen langt ned når det kjem til næring. Strategisk næringsplan skal vere eit verktøy for å auke næringsutviklinga i kommunen. Me ønskjer å leggja til rette for at dei næringane som allereie er her skal halde fram å drive og gjerne auke driftsresultatet. I tråd med satsinga på at me skal vera ein god bukommune er det naturleg at dei fleste arbeidsplassane kjem i mindre bedrifter eller som ei utviding av dei som allereie er her.

Telemarkundersøkinga "Suksessrike kommunar" slår fast at det ikkje er pengar eller nærleik til store bysentra som er det viktigaste, men eldsjeler og måten kommunen og innbyggjarane ser kva som kan vere mogleg å få til, og ikkje minst at dei har vilje og evne til å gjennomføre.

Fleire næringsdrivande og fleire verksemdar er ein viktig del av målsetjinga med strategisk næringsplan. Dette er bakgrunnen for ynsket om å ha ein lokal plan som kan vere eit godt og realistisk verktøy. Planen er òg del av ei meir heilskapleg kommunal planlegging der auke i folketalet er eit mål og der det gjennom prosessen med kommuneplanen er lagt ned eit stort arbeid for å nå dette målet. Skal folk bu her, må dei ha ein jobb, og då treng me eit sprekt næringsliv som er i stand til å byggje på det som alt finst, samstundes som det må vera rom for nytenking. Mellom anna har koplinga mellom næring og kultur har eit stort potensiale, og det er noko me verte meir medvitne på. Naturen og naturressursane har tradisjonelt vore viktig for Masfjorden kommune. Både fjellet og fjorden og koplinga mellom dei to vil halde fram med å vere blant dei ressursane me må satse mest på og samarbeidet med gamle naboar tvers over fjorden er noko me ikkje må gløyma. Avstanden frå BKK sine fjellhallar via Havforskningsinstituttet sin forskingsstasjon til Havsportveka i Austrheim er ikkje lang om me tek sjøvegen.

Arbeidsløysa i Masfjorden er låg og det er stor pendling ut av kommunen. Å starte bedrift og å gjere investeringar inneber risiko, slik at motivasjonen for å etablere seg kan vere låg. Det er få masfjordingar som driv som sjølvstendig næringsdrivande. Bedriftene som finst går i stor grad bra, har godt omdøme og stabile arbeidstakarar. Kommunen kan leggje til rette, gje råd og informere, likevel er det næringslivet sjølv som må våge å satse!

1.1 Samarbeidspartnarar

Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU) arbeider med interkommunale prosjekt innan næringsutvikling for Gulen og Masfjorden. Dei er felles førstelinjeteneste for kommunane og rettleiar etablerarar i startfasen. I tillegg er dei bindeledd til det offentlege verkemiddelapparatet. Det er gjort vedtak i formannskapet for å styrke samarbeidet med GMU.

Region Nordhordland - Nordhordland utviklingsselskap IKS jobbar med regional utvikling for Nordhordland og driv etablerarkurs og nettverkssamlingar. Dei jobbar òg med profilering av Nordhordland. Regionrådet har som mål å arbeida for vidareutvikling av regionen. Regionrådet Nordhordland er det strategiske organet som legg føringar for aktiviteten i Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Rådet er sett saman av ordførarane i dei ni medlemskommunane.

SIVA samarbeidar med Noregs forskningsråd, Innovasjon Noreg og fylkeskommunane. Dei har to inkubatorar i Nordhordland. Desse er Industriutvikling vest (Mongstad) og Nordhordland næringshage (Austrheim).

Business Region Bergen (BRB) arbeider med næringsprosjekt og omdømebygging for Bergensregionen. Me har brukt næringsplan deira for 2010-2014, med perspektiv fram mot 2025 som noko av grunnlaget for vår plan.

Masfjorden næringsforum er medlemsorganisasjon for næringsaktørar i Masfjorden. Dei har vore med på å utarbeide strategisk næringsplan.

Både for arbeidet med samfunnsutvikling og næringsutvikling er det viktig for å kunne tenkje langsiktig og vite om nokre av utfordringane ein kan møte på. Masfjorden kommune møter avgrensingar og moglegheiter i den private marknaden og i politikken som vert ført frå stat og fylkeskommune. Det å vere med å styrke kommunen sitt samarbeid med andre aktørar i nabokommunane og Hordaland og Sogn og Fjordane, samt leggje til rette for at lokale politikarar og interesseorganisasjonar kan påverke høgare nivå i saker som er viktige for regionen og kommunen vil vere ein del av arbeidet. Kommunen står for mykje av det langsiktige arbeidet retta mot stat og fylkeskommune, men kan ikkje klare dette utan dei politiske partia og engasjement frå næringslivet.

Masfjorden kommune har ei rolle særskilt når det gjeld å ha næringsretta kompetanse i kommuneadministrasjonen, styrkja det kommunale informasjonsarbeidet, etablera partnerskap med næringslivet om aktiv informasjon og marknadsføring av tilgjengelege næringsareal. Kommunen skal medverka til møteplassar, arrangement og publikasjonar som gjev opplevingar og kjennskap til Masfjorden. Landbruk må vera ein aktiv del av næringsutviklinga i kommunen. Arbeidet med infrastruktur og tilgjengelege næringsareal er kommunen sitt ansvar. Eit av hovudmåla i kommuneplanen er å satse på næringsutvikling.

2. Utvikling over tid


Næringslivets ve og vel kan synleggjerast gjennom målingar i NæringsNM. Likevel kan sjølvstøtt desse faktorane diskutert, då Masfjorden er i ein del av ein større bu- og arbeidsregion (med Gulen og Høyanger sør), samt delar av Nordhordland. Likevel er det viktig å sjå på analysen internt for å sjå kva område det skal jobbast eksplisitt med i Masfjorden. Næringslivet i Masfjorden er ein integrert del av Bergensregionen, og planen må sjåast i lys av det arbeidet som vert gjort i Nordhordland Utvikling og Business Region Bergen.

Både bustadbygging og sysselsetting har hatt positive tal sidan 2003 og 2005, men for sistnemnde er framleis eit godt stykke unna 1987-88 nivået. Nedgangen har vore størst i privat sektor.

Telemarksforsking nyttar fire forskjellige mål for næringsutvikling: Lønnsemd, vekst, nyetableringar og næringslivets storleik. Dei tre første måla er basert på kvar sin indeks sett saman av tre forskjellige indikatorar. Storleiken på næringslivet er ein enkelt indikator – som vist i oversikta og forklart i teksten under. Tabellen viser kommunevis plassering frå 1997 – 2010. Særskilt er det etablerarfrekvensen som Masfjorden slit med å få opp.

Meir interessant er det å sjå på bransjevis arbeidsplassutvikling. Også for Masfjorden syner tala nedgang i primærnæringane og transport, medan auken knyta til annan personleg tenesteyting. Dette samsvarar også med generelle trendar som syner vekst i tenesteytande næringar.

Bransjevis arbeidsplassutvikling, Telemarksforsking 2010



Figur 15: Utvikling i antall arbeidsplasser i de ulike bransjene i Masfjorden, indeksert slik at nivået i 2000=100.

På tvers av bransjane, syner tal frå SSB at Masfjorden hevdar seg godt på kompetansesarbeidsplassar; dvs. sysselsetting innan bransjar der minst 39,4% av dei sysselsette har universitets- eller høgskoleutdanning, 2009. Med ein forskingsstasjon lokalisert i kommunen, forklarar nok det dei høge tala.

3. SWOT-analyse:

3.1 Styrkar:

- Næringslivet har mangfald
- Oversiktleg
- Balanse i næringsammansetting
- God bukommune
- Naturressursar for vasskraft, reiseliv og marine næringar
- Nærleik til Sløvåg, Mongstad og Knarvik
- Ledige næringsareal som kan vere positive for staduavhengige arbeidsplassar
- Stabil og god arbeidskraft
- Arbeidsplassar i nabokommunane
- Tilgang på opplæring for etablerarar, men den må gjerast kjend
- Kort veg og god dialog mellom offentleg og privat
- Aktivt kulturliv og rom for eldsjeler og initiativ
- Havforskningsinstituttet

Veikskarar:

- Dårlege vegar og tidkrevjande kommunikasjonar
- For dårleg mobildekning og breiband
- For få folk
- Dårleg bustadmarknad
- Få gründerar og næringslivsøntreprenørar (eldsjelene innan organisasjonsliv, få innan næringsliv)
- Frykt for risiko
- Liten variasjon i det private
- Få kjenner til kommunen og moglegheitene
- Få personar med 1-4 års høgare utdanning
- Sårbart kulturliv med tanke på kompetanse og reiseavstand

Trugsmål:

- Brua vert ikkje bygd eller utsett lenge
- Fråflytting
- Konkursar og nedlegging av større bedrifter
- Større konjunktursvingingar og internasjonal krise
- Mange med bustad nummer to
- Politiske mål på høgare nivå nedprioriterer visse område og sterk vekst i sentrale område
- Sterke krefter dreg ungdommen ut

Framtidsutsikter:

- Store utbyggingsplanar mot 2020 på Matre
- Store vedlikehaldsplanar for BKK i Stølsheimen
- Linjeutbygging gjennom Masfjorden
- Betre internkommunikasjon i kommunen etter etablering av bru.
- Staduavhengige arbeidsplassar i næringshagar

- Marknadsføring
- Ledige hallar hjå BKK?
- Tenkje langsiktige haldningsendringar
- Tiltrekkje seg folk utanfrå
- Tiltrekke seg høgt utdanna utflytta masfjordingar
- Satse på ungdom
- Sterk vekst i områda rundt og nye innflyttarar til Nordhordland
- Reiseliv, vekstnæring
- Ny bruk av eksisterande bygg – LNF- næring
- Marknadsføre kultur
- Nettverk og lagsbygging
- Kople kultur og næring for å styrke kvalitetane vi har som bukommune og kombinere det med satsing på reiseliv.
- Havsportveka
- Vidareutvikla arbeidsplassar i tilknytning til marine næringar

4. Fokusområde

4.1 Infrastruktur

Korleis me tenkjer og arbeider er viktige faktorar for næringslivet. Det står likevel ikkje i vegen for at infrastruktur spelar ei avgjerande rolle. Ulike typar verksemdar krev ulike typar infrastruktur. Mykje av denne er ikkje berre avhengig av kommunen si rolle. Utgreiingar vert gjort av høgare forvaltningsnivå og avgjerdene tekne på høgare politiske nivå. Kommunen si rolle med å spele inn deira og næringslivet sine interesser har eit stort fokus internt i kommunen, både administrativt og politisk. Bru er eit viktig tiltak for folketalsauke og Kraftfondet set av 1 million kroner årleg til dette føremålet. Folketalsauke er i seg sjølv viktig for tenesteproduksjon og varehandel.

Gjennom arbeidet med kommuneplanen er det sett av næringsareal. Me ønskjer å ha klare område når me vert kontakta av aktørar som ønskjer å drive næring i Masfjorden. Det å vere klar i forkant når nokon vil etablere seg er viktig. Somme LNF-område kan brukast til lettare næring.

Mobildekninga langs Fylkesvegane i Masfjorden er svært sårbar. Dekninga er ein avgjerande faktor for at næringslivet kan vere tilgjengeleg òg under transport og reise til og frå oppdrag og tilhaldstad. Mobildekninga og nettkapasitet må oppgraderast raskast råd for å yte betre sørvis til næringslivet i Masfjorden. Næringsmiljø og samlokalisering er òg viktig for vekst og utvikling. Det bør derfor arbeidast for å skaffe fleire lokale eigna til kontor og småbedrifter.

Ny kommuneplan for Masfjorden opnar opp for større og fleire næringsareal i kommunen. Likevel må det snarast råd utarbeidast reguleringsplanar og utbyggingsplanar for dei fleste av desse. Ansvar for dette har i første rekkje næringslivet, men Masfjorden kommune bør ta aktiv del i dette arbeidet for å ferdigstille prosessane raskast råd. Nokre av næringsareala kan tilretteleggjast i samband med anna utbygging av infrastruktur som til dømes kraftverksutbygging på Matre og vegutbetringar langs FV-570. Slik samordning er avgjerande for kostnadseffektivisering og framdrift. Å byggja ei større hamn nær næringsareal, slik at ein får nytta fjorden kan vere aktuelt dersom private aktørar skulle ta initiativet til det.

Tiltak: Realisering av Masfjordsambandet.

Tiltak: 100% dekning av mobilnett og breiband.

Tiltak: Etablere næringsbygg på Matre og i Sløvåg.

Tiltak: Utbetring av FV-570

Tiltak: Ferdigstille reguleringsplanar for næringsareal i alle delar av kommunen.



4.2 Omdømmebygging og marknadsføring

Kommunen er langt på veg i ferd med å skape eit omdømme på ein god bu- og oppvekstkommune. Arbeidet med å bli ein god næringskommune, med satsing på å styrke næringsutviklinga i kommunen er særleg satsa på i utforminga av ny kommuneplan for 2011- 2023. Dette vil vere eit viktig grunnlag for å gjere både administrasjon og politisk leiing medvitne. Næringsutvikling er eit verktøy for positiv samfunnsutvikling og må vere forankra i alle ledd i forvaltninga. Næringslivet sjølv må òg bidra i fellesskap for å bygge eit godt omdømme for vidare utvikling av næringslivet. Er det ein god plass for næringslivet å vere etablert, så vil ein bygge attraktivitet i høve andre. Brukarundersøkinga gjennomført i mai 2012 syner at næringslivet i Masfjorden har god tru på framtida. Som eit ledd i omdømmebygginga, er jamleg marknadsføring viktig. Reportasjar og positiv dekning i media er med på å bygge omdømme innanfrå og ut.

Ved å tenkje heilskapleg i omdømmebygginga vår og satse på kultur som ein viktig del både av reiseliv, bumiljø og næring kan ein byggje opp under omdømet Masfjorden allereie har i tillegg til å framheve

kultur

som

moglege

arbeidsplassar.

Nettsidene til Masfjorden kommune har per i dag ein god del informasjon retta mot næringsliv, som til dømes etablerarlenkje og støtteordningar. Marknadsføring av Masfjorden som ein god kommune der ein kan drive næring innanfor eit breitt spekter er viktig om me skal tiltrekka oss nye innbyggjarar. Som kommune har me likevel eit mangfald av målsetjingar og roller som gjer at det av og til kan vere vanskeleg å spisse seg inn på særskilte tema. Kommunen må tenkje i lag med næringslivet, lag og organisasjonar om korleis ein marknadsfører seg slik at ein kan utfylle kvarandre og samla gje eit godt heilskapleg bilete av kommunen.

Tiltak: Utarbeide ei heilskapleg tenking i marknadsføringa og omdømebygging i samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar

Tiltak: Vidareutvikle Kraftspela i samspel mellom kommune, kulturliv og næringsaktørar.

Tiltak: Marknadsføre seg inn mot BRB og kome med i deira kart og presentasjonar.

Tiltak: Heve kompetansen innanfor omdømebygging og legge til rette for samarbeid mellom offentlege og private aktørar, mellom anna ved å la private representere kommunen på møter, kurs og samlingar.

Tiltak: Skaffe informasjonsskilt langs vegane.

Tiltak: Administrativ leiding må kunne gje rask og tilstrekkeleg assistanse for å etablere og vidareutvikle verksemd, næringsareal og lokalitetar.



4.3 Ungdom, kompetanse og utdanning

Ungdom er ei av dei viktigaste målgruppene med tanke på å halda folketallet oppe. Mange ungdommar flyttar ut for å ta høgare utdanning, noko me er glade for. Diverre er det mange av dei som vel å ikkje flytta heim att til Masfjorden. Me ønskjer å gje dei eit verktøy som gjer at dei lettare kan koma tilbake – og kan hende - skapa sine egne arbeidsplassar. Gjennom å vera tydelege på at me ønskjer at dei skal etablera seg her, auke kunnskapen om eigen kommune og byggje opp nettverket og samhaldet mellom dei ulike bygdene kan me leggja til rette for at dei kjem tilbake. Det å marknadsføre dei behova som finst i kommunen kan gjer det lettare å starte for seg sjølv. Kommunen har per i dag ein avtale med Ungt entreprenørskap. Denne bør me ta større bruk av, då det kan vera med på å gje ungdommen kjennskap til ungdom frå dei andre bygdene og kva som finst av næringsliv i kommunen. I tillegg er dette med på å leggja til rette for nyskaping på lang sikt. Både for kommunen og næringslivet er det viktig å vere medvitne på korleis me tek i mot personar som er interesserte i jobb og starte for seg sjølv.

Gjennom å oppretta lesesalplassar/ kontorplassar i næringsbygg kan ein gjer det enklare for både unge og vaksne studentar, og gjerne bruke det som ein inkubator i ein periode der dei prøver å starte opp eiga verksemd.

Fagleg breidde og kvalitet i den vidaregåande opplæringa er viktig. Det å leggja til rette for god offentlig transport slik at ungdommen kan bu heime lengst mogleg er ein annan del av dette. Både fagkompetanse og høgare utdanning er etterspurt. Mange masfjordingar tek høg utdanning og dei er gode fagarbeidarar. Kompetansen som finst samsvarar likevel ikkje alltid med det som vert etterspurt. Informasjon frå næringslivet til aktuelle utdanningsinstitusjonar må difor styrkast.

Tiltak: Bruke konseptet ungt entreprenørskap og gjer lærarane meir medvitne på kva behov for kompetanse som trengst hjå bedriftene i kommunen.

Tiltak: Skape miljø for at folk kan bu i kommunen og ta høgare utdanning/vidaregåande opplæring/kurs.

Tiltak: Halde kontakten med ungdom –årlege ungdomsmøte der næringslivet er med.

Tiltak: Sjå på Kulturskulen som ein del av ei større satsing på kulturbasert næring.

Tiltak: Styrke læringsnivået og breidda i den vidaregåande skulen i regionen. Vidareutvikle kombinerte teoretisk/praktisk studieløp som TAF. Lokalt næringsliv og kommune må tilby hospitering.



4.4 Entreprenørskap og innovasjon

Proaktivt arbeid for å betre entreprenørkulturen bør vere eit tett samarbeid mellom næringsliv og politisk leiing, som ynskjer ein aktiv næringspolitikk. Kommunen har ein veg å gå for å skape vekst og utvikling i næringslivet, ikkje minst for å få fram entreprenørskap. Samfunnsentreprenøren kan vere like viktig å få fram som ei bedrift. Kraftfondet kan vere eit viktig verkemiddel for å få fram entreprenørane i kommunen. Storleiken på prosjektet bør ikkje vere avgjerande for støtte. Nettverksgrupper og etablerargrupper er gode verktøy for å fremje gründerkulturen.

Den offentlege tenesteproduksjonen innan helsesektoren er i endring. Samhandlingsreforma pålegg kommunane i større grad å ha ansvar for sine brukarar, og med dei kostnader det medfører. Dette opnar opp for ei større fokusering på habilitering enn rehabilitering, og folkehelse vert sett større fokus på. Masfjorden har god tenesteproduksjon innan helse og omsorg, og bør slik sett ha god kunnskap om tilrettelegging også for private tjenester innan denne sektoren. Rammevilkår og infrastruktur vil vere vesentleg faktorar for i kva grad ei slik næring kan utvikle seg. I samband med dette er samfunnsentreprenørskap og nye måtar å tenkje folkehelse på eit viktig poeng der kommunen kan vera med på å leggja til rette for private aktørar og næringsutvikling. Det treng ikkje vere ein motsetnad mellom idealisme og næring.

Det er i dag eit godt kulturliv i kommunen og Kraftspela er i ferd med å verte godt kjende. Her er det eit stort potensiale for vidareutvikling. Kulturlivet i Masfjorden er aktivt og det finst stort rom for entreprenørskap. Koplinga mellom dugnadsand og organisasjonsliv gjer at me kan byggje eit sterkt fundament for kultur som næring. Her er det viktig å gjere aktørane medvitne på si rolle, satse vidare på Kraftspela, samarbeide internt i kommunen og med regionen rundt, samt tiltrekkje seg den kompetansen ein ønskjer. Samarbeidsprosjektet kommunen har med Field Band Foundation kan til dømes vere arena for innovasjon i kulturlivet.

Reiselivsnæringa i Masfjorden har stort potensiale for utvikling og samarbeid, særleg i området Matre/Stordalen. Per i dag er næringa høvesvis liten og bedriftene er få, men dei er viktige aktørar både i seg sjølve og for å sette reiselivsopplevingane i Masfjorden i ein større samanheng regionalt. Næringa er sårbar, men nasjonalt og internasjonalt er reiseliv rekna som ei viktig vekstnæring, særleg i distriktet. Masfjorden har natur- og kulturgitte føresetnadar for vidare utvikling innan tenestenæringar og reiseliv. Sentrumsfokus for handels- og tenestenæringar i aksen Hosteland-Kvamme, vil styrke kommunestruktur og næringsliv for framtidig utvikling.

Landbruket må i tillegg til å vere ei eiga, sjølvstendig næring sjåast i samanheng med reiseliv og kultur. Vilje til innovasjon innan tradisjonelle næringar, kan demme opp for vidare reduksjon i desse arbeidsplassane. I tillegg er lokalprodusert mat og godt vedlikehaldne kulturlandskap viktige delar av reiselivet. Gamle bygg er brukt på ein god måte mange stader, gjerne med tanke på kultur, slik Sommarscena gjer det. Det er potensiale innanfor reiseliv, landbruk, kultur og tenesteytande næringar. Landbruket har behov for investeringar. Dette kan løysast ved å stimulere til i større grad gå i partnerskap med naboar, entreprenørar for å etablere samdriftseiningar som kan drive meir effektivt og løysamt. Dette kan vere med å snu ei nedbygging av landbruket til ny vekst i næringa. Drift og beitehald vil betre heilskapen i kulturlandskapet i Masfjorden, noko som reiselivsnæringa og tenesteytande næringar kan dra nytte av i neste ledd.

Mykje kan bli investert fram mot 2020. NVE og BKK planlegg 300 (420) kV kraftlinje gjennom Masfjorden. Det er lite kommunen kan gjere for å hindre utbygginga, som har negativ innverknad på natur, folkehelse og reiseliv. I denne perioden er det særskilt viktig at kommunen er aktiv og spelar inn sine syn og arbeider til beste for innbyggjarane sine. Ein ting er å forlange at steinen frå BKK vert nytta til næringsareal, ikkje lenger berre skal kunne deponerast i liene, men heller brukast til nytte. Kraftlinjene som BKK skal byggje ut vil ha stor negativ innverknad på Masfjorden og må tilpassast lokale tilhøve. Kompensasjon kan mellom anna kome i form av midlar til samfunnsstenlege føremål, der næringsbygg på Matre er eit aktuelt tiltak. Designmast i tilknytning til friluftspark er eit anna. Behovet for bustad vil i ein periode med store utbyggingar vere aktuelt. For lokale entreprenørar kan det vere mogleg, anten saman eller kvar for seg å skaffe autorisering til å kunne ta del i større prosjekt. Pengane går elles til store entreprenørar andre stader.

Tiltak: Skape møteplassar til nettverksbygging og bruke Industriutvikling Vest og Nordhordland næringshage aktivt.

Tiltak: Etablere fleire gründergrupper.

Tiltak: Kurse politisk og administrativ leiing i korleis førstelinjetenesta jobbar med etablerarar og etablerarkurs. Samarbeide tett med landbruksavdelinga for å styrke landbruket i kommunen, mellom anna gjennom arbeid med landbruksplan.

Tiltak: Vidareutvikle kraftfondet som eit godt verktøy for etablering og innovasjon.

Tiltak: Utvikle næringsprisen til ein pris for samfunnsentreprenørskap.

Tiltak: Utnytte store investeringar i kommunen til vekst, mellom anna ved næringsbygg, naturpark med designmast og autorisasjonar til næringsdrivande. Kommunen må prioritere arbeidet opp mot NVE.

Tiltak: Sjå nærare på Havsportveka som samarbeidspartnar for næring, kultur og reiseliv i Masfjorden.

Tiltak: Arbeide aktivt for å få tilflytting og vidare drift på nedlagde gardsbruk.

Tiltak: Vidareutvikle Stordalen som regionalt reiselivsområde.

5. Næringslivet i Masfjorden i framtida

Trender i samfunnet tilseier at arbeidslivet er i stor endring. Med bruk av breiband er ein ikkje lenger avhengig av plassering, men kan jobbe nesten kvar ein vil. Som bukommune vil Masfjorden eigne seg ypparleg for slike framtidsnæringar. Me har barnehageplassar, gode skular og eit rikt kulturliv og er ikkje avhengige av store investeringar for å ha stor nok kapasitet. Tenestene er dessutan av høg kvalitet. Med folkeauke i Bergensregionen og mangel på areal er stadvhengige arbeidsplassar noko som er sær relevant for Masfjorden.

Forprosjektrapporten til Masfjordsambandet syner at realisering av dette prosjektet er sær viktig for å gi næringslivet eit løft i kommunen. Næringslivet vil kunne agere raskare og vere betre integrerte i regionen, så vel som internt i kommunen.

Satsing på ungdommen er sær viktig for framtidig vekst i næringslivet. Dei er ein stor ressurs og me må ta arbeidet med ungdom på alvor og lytte til deira ønskjer.

6. Planarbeidet

Ansvarleg for utarbeiding av strategisk næringsplan 2012-2020 var vore ei samansett gruppe frå politisk leiing, Masfjorden Næringsforum og administrasjonen i kommunen. Det har vore gjennomført ei brukarundersøking blant næringsaktørar i kommunen, samt ei debattmøte i innleiande fase.

Deltakarar i prosessgruppa var:

Frode Langhelle, styreleiar i Masfjorden Næringsforum

Evelyn Birkeland, nestleiar i Masfjorden Næringsforum

Karstein Totland, ordførar/ kraftfondstyret

Marit Steinestø, varaordførar/ kraftfondstyret

Aina Isdal Haugland, samfunnsutviklar

Torill Torsvik Størkersen, rådgjevar



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - C03	14/253

Saknr	Utval	Type	Dato
102/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014
111/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014

Evaluering av Kraftspel 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek evalueringa til orientering og viser til vurderinga frå rådmannen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Følgjande dagar med ulike arrangement gjekk inn under marknadsføringa og omgrepet Kraftspela 2014 :

Laurdag 7.juni: Sleirsfjellet opp

Søndag 8.juni: Konsert i Frøyset kyrkje

Måndag 9.juni: Støls gudsteneste i regi av kyrkja/sokneråd

Fredag 13. juni: Motarrangement på Matre

Konsert med Gabrielle og ungdomar frå Nordhordland

Laurdag 14. juni: Marknadsdag med mange arrangement og tilbod, boder, mat, teater m.v.

Konsert med Bjørn Eidsvåg

Dans på kaien

Søndag 15. juni : Kulturvandring i Stordalen

Masfjorden kommune hadde hovudansvaret den 8.juni for konserten i Frøyset kyrkje, og hovudansvaret for alle arrangementa på Matre fredag 13. og 14.juni. Dei andre arrangementa vart organisert av private lag og andre, der kommunen sitt bidrag både var marknadsføring under paraplyen Kraftspela 2014 og tilskot/hjelp m.v. til kulturelle innslag.

Konserten i Frøyset kyrkje hadde fullsett kyrkje, med ca 150 betalande, og hadde god måloppnåing. Sleirsfjellet Opp var svært nøgd med sitt arrangement den 7. juni, og at heile pinsehelga hadde eit variert og god tilbod lokalisert i same bygd, og i nært samarbeid med fleire lag og organisasjonar.

Stordalen Oppleving AS hadde ansvaret for Kulturvandringa den 15.juni . Her deltok ca 80 deltakarar. Dei vil neste år satsa meir på marknadsføring.

Denne evalueringa drøftar i hovudsak det som gjeld Masfjorden kommune sine hovudarrangement knytt til 13 og 14. juni på Matre. Den 20. august vart det halde eit evalueringmøte på kommunehuset, der alle lag og private som hadde vore med på dei ulike arrangementa var invitert. Diverre kom det ikkje så mange, med nedunder har administrasjonen laga ein oversikt over ulike tema som vart vurdert/ evaluert knytt til dagane på Matre.

Tema	Vurdering av administrasjonen	Merknad
Dagarrangement 13. juni (skulane)	Gode tilbakemeldingar, godt samarbeid og fornøgd deltakarar	
Konsert med ungdomar og Gabrielle 13.juni	Gode tilbakemeldingar med fornøgd publikum	Burde kome langt fleire folk
Vakthald	Gode tilbakemeldingar	
Matsal	Gode tilbakemeldingar	
Billettsalet	Gode tilbakemeldingar	
Parkering	Gode tilbakemeldingar	
Bubilplassen	Ok, men manglande vakthald	Vakthald natt påkrevd
Toalettdrifta/ reinhald	Gode tilbakemeldingar	
Scenerigging	Gode tilbakemeldingar	
Artistopplegg inkludert innlosjering	Gode tilbakemeldingar	
Båthamn	Gode tilbakemeldingar	
Opprydding	Gode tilbakemeldingar	
Tema	Vurdering	Merknad
Marknadsdag 14.juni	Gode tilbakemeldingar	Burde kome fleire folk
Tilrigging boder	Gode tilbakemeldingar	
Bodbesøk/ sal	Ikkje så mange som i fjor	Burde kome meir folk
Sceneopplegg	Gode tilbakemeldingar	
Sceneinnhald	Gode tilbakemeldingar	
Underhaldning	Gode tilbakemeldingar	
Sal av mat, kai	Gode tilbakemeldingar	
Reino gard	Gode tilbakemeldingar	

Teaterframsyninga	Gode tilbakemeldingar	
Einekavane sal	Manglar opplysningar	
Parkering bilar	Gode tilbakemeldingar	
Båtkaien	Gode tilbakemeldingar	
Toalett, reinhald	Gode tilbakemeldingar	
Straum	Gode tilbakemeldingar	
Teltkapasitet	Gode tilbakemeldingar	
Stolkapasitet	Gode tilbakemeldingar	

Tema	Vurdering av administrasjonen	Merknad
Konsert Bjørn Eidsvåg 14.juni	Gode tilbakemeldingar	Burde kome fleire folk
Vakthald	Gode tilbakemeldingar	
Matsal/ drikke	Gode tilbakemeldingar	
Skjenkerutinar	Ingen merknad	
Billettsal	Gode tilbakemeldingar	
Parkering	Gode tilbakemeldingar	
Bubilplassen	Litt støy om natta	Må vera vakthald om natta
Toalett, reinhald	Gode tilbakemeldingar	
Scenerigging	Gode tilbakemeldingar	
Artistopplegg, inkludert innlosjering	Gode tilbakemeldingar	
Danseband/ dans	Gode tilbakemeldingar	Fornøgde folk
Båthamn	Gode tilbakemeldingar	
Opprydding	Gode tilbakemeldingar	
Nedrigging	Gode tilbakemeldingar	

Økonomi:

Underskotet har auka sjølv om kostnadane var relativ lik i høve fjoråret. Årsak er at billettinntektene gjekk ned. Med berre ca. 400 betalande på konserten 13. juni og ca. 600 på konserten 14. juni vart underskotet difor stort. Saman med dei 150 betalande på kyrkjekonserten den 8. juni gir dette billettinntekter på ca.350.000. I høve til budsjett er dette ca 200.000 i mindre inntekter.

Utgifter	Utgifter
948.627,-	957.222,-
Inntekter	Inntekter
511.110	424.526,-
Underskot	Underskot (1)
437.517	532.696

1. Tilskot frå BKK på krone 40.000,- er enno ikkje kome inn, og mindre utgiftspostar kan koma. Administrative kostnader er ikkje teke med.

Vurdering:

Risikoen knytt til kostnader med å arrangera kraftspel med kjende artistar vart drøfta i styringsgruppa (formannskapet) den 03.12.2013, og naudsynte føringar for Kraftspel 2014 vart då lagt. Underskotet i år og tidlegare år viser at kraftspelarrangement med kjende og relativt kostbare artistar og stor scene har høg risiko for underskot, då ein er heilt avhengig av inntekter frå billettsalet. Matre ligg langt frå større tettstadar, og denne helga konkurrerte ein med fleire andre store arrangement, mellom anna i Bergen (Torgdagen) og den store fotballturneringa Vossacup. Økonomisk gjekk det difor svært dårleg for kommunen med underskot på ca 500.000 (når tilskotet frå BKK er kome med). Inntektene til Bjørn West i samband med parkering og bubilar gjekk og ned, sidan det var færre som kom til Matre denne helga enn i fjor.

Sandnes skulemusikk, som hadde vakthald og selde mat og drikke på familiekonserten med Gabrielle, var rimeleg nøgd med innteninga.

For Stordalen Fjellstove som hadde ansvaret for matsal og drikke på marknadsdagen laurdag 14.juni og på kvelden var inntektene under forventa.

Drøfting av måloppnåing

Kraftspela skal setja Masfjorden kommune på kartet og representera ein god møteplass for innbyggjarane vår og for tilreisande. Kulturelt skjedde det mykje desse 6 dagane og programmet var variert og innholdsrikt. Fredagen på Matre med MOT-arrangementet, samt den alkoholfrie konsertkvelden var eit arrangement mange var svært nøgd med. Slike familievennlege konsertar er det lite av i Nordhordland.

Konserten på laurdagen 14. juni med dans etterpå på dansegolvet var og ein suksess for dei som deltok.

Tidspunkt, drøfting:

Flytting av helga til 13.-14. juni var ein stor suksess med tanke at ein fekk involvert mange lokale krefter og ungdomar betre sidan sommarferien enno ikkje var byrja. Flyttinga medførte likevel kollisjonar med mange andre store arrangement, mellom anna Vossacup og Torgdagen i Bergen. Det at det ikkje var fotballcup på Matre denne laurdagen, medførte og at det kom færre folk på dagtid. Å flytta arrangementet vekk frå tidspunktet for Vossacup og Torgdagen til neste år, vil sannsynlegvis medføra at fleire kan og vil koma til Kraftspela. Den første helga i juni kan difor vera eit betre tidspunkt enn den 2. helga i juni. Endringa i tid frå august til juni meiner dei fleste berre har fordeler, både med tanke på lystilhøva ute, sjanse for betre vær og at ein kan planleggja og samarbeida tettare med folk og organisasjonar opp mot arrangementet.

Praktiske tilhøve:

Reint praktisk fungerte det meste bra, jf. tabellen. Ansvar og vakthald knytt til bubilområdet er noko som må på plass.

Tryggleik:

Vakthaldet fungerte bra alle dagane. Dykkarar var på plass laurdag. Både brann og politi hadde god beredskap. Ein har ikkje registrert avvik.

Sidan det ikkje var skjenkekontroll har ein ikkje konkret fagleg vurdering knytt til korleis dette fungerte. Inntrykket er likevel at det var bra kontroll i og rundt skjenkeområdet.

Konklusjon:

Høg måloppnåing i høve ønske om å favna vidt, og at ein fekk til gode kulturelle tilbod både for familiar, barn, ungdomar og godt vaksne.

Risikoen knytt til kostnader med å arrangera kraftspel med kjende artistar vart drøfta tungt i formannskapet den 03.12.2014, og underskotet i år og tidlegare år viser at kraftspelarrangement med kjende artistar og stor scene ikkje er økonomisk berekraftig.

Ein rår til følgjande framlegg til forbetringar:

1. Flytting av tidspunktet til den første helga i juni i 2015.
2. Marknadsdagen må gjerast meir attraktiv med fleire aktivitetar, fotballturnering, lokale kulturkrefter, seminar, m.m., slik at endå fleire vel å reisa til Matre denne dagen.
3. Rimelegare artistar og mindre utgifter til telt, scene m.v, slik at kostnadane vert redusert og risikoprofilen vert endra. Det samla utgiftstaket bør setjast til maksimum 800.000,- eller lågare, sidan inntekspotensialet er for usikkert.
4. Tettare samarbeid med private krefter og organisasjonar, slik at desse får meir eigarskap og tek større ansvar for arrangementa.

Formannskapet - 102/2014

FS - behandling:

Saka vart utsett til neste møte

FS - vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Formannskapet - 111/2014

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Frode Langhelle, H, stilte spørsmål om gildskap.

Røysting:

Det vart samrøystes vedteke at Frode Langhelle var gild i saka.

Saka vart drøfta

Nytt framlegg til vedtak frå formannskapet:

Ramme 2015 med netto 150.000 i kommunal medfinansiering gjennom kraftfondsbudsjettet.

Arrangementet vert sett vekk til private/lag/organisasjonar. Administrasjonen sjekkar ut om MOT arrangement planlagt

24. april kan flyttast til kraftspela. Formannskapet er opptatt av å få til eit ungdomstilbod.

Lukkast ein ikkje å få

private/lag/organisasjonar til å stå for arrangement vert nivå på arrangement teke ned slik at budsjettet for kraftspela 2015 vert realistisk.

Røysting:

Nytt framlegg til vedtak frå formannskapet vart smrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Ramme 2015 med netto 150.000 i kommunal medfinansiering gjennom kraftfondsbudsjettet.

Arrangementet vert sett vekk til private/lag/organisasjonar. Administrasjonen sjekkar ut om MOT arrangement planlagt

24. april kan flyttast til kraftspela. Formannskapet er opptatt av å få til eit

**ungdomstilbod. Lukkast ein ikkje å få
private/lag/organisasjonar til å stå for arrangement vert nivå på arrangement teke ned
slik at budsjettet for kraftspela 2015 vert realistisk.**



Årsmelding 2014

Kraftfondet Masfjorden kommune





KVA ER KRAFTFONDET

Ved kraftutbygging vert regulator pålagt å innbetale ei avgift (konesjonsavgift) til kommunen som Kongen bestemmer. Regulator kan og verte pålagt å opprette eit fond i dei einskilde kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjer det som ein kallar for Kraftfondet.

Lovheimelen om kraftfond finn ein i Industrikonsesjonslova (14. desember 1917 nr. 16 § 2, 3.ledd, nr. 13, 6.ledd) og vassdragsreguleringslova (14. desember 1917 nr. 17 § 11 nr. 2, 2.ledd). Denne lovheimelen vart endra ved lov av 12. juni 1987 og begge lyder no slik:

«Avgifta til fylkeskommunen og kommunane fordelast mellom desse innbyrdes etter bestemmelse av kongen for 10 år ad gangen. Avgifta avsettes særskild for kvar kommune til eit fond, som anvendes etter bestemmelse av fylkestinget eller kommunestyret. Denne myndighet kan delegeres til annet kommunalt eller fylkeskommunalt organ.»

Fondets midlar skal i samsvar med vedtektene undergitt vedkommande departement godkjenning, fortrinnsvis anvendes til utbygging av næringslivet i distriktene. Departementet kan delegerer myndighet til å godkjenne vedtektene til Fylkesmannen».

Kraftfondet har ein fondskapitalen på 1. million kroner innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget, oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt 2 i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980.

Fondskapitalen er lik grunnkapitalen, dvs. 1 mill.kr., og midlar som blir tilført årleg omlag 2,8 mill.kr. i konsesjonsavgift og elles rente av fondskapital og rente- og avdrag kraftfondutlån. Dette medfører at kommunen årleg har i overkant av 2 mill.kr. til disponering gjennom kraftfondet.

FØREMÅLET MED KRAFTFONDET

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å fremja etablering av nye verksemder, og å vidareutvikle eksisterande verksemder.

Kraftfondet skal i fyrste rekkje nyttast til næringsføremål. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjinga for kvinner og ungdom bør prioriterast. Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen. Det bør heller ikkje gjevast stønad til verksemder som mottar vesentlege overføringar over statsbudsjettet. Fondet sine midlar skal berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

Former for stønad

Stønad kan gjevast i form av lån og/eller tilskot.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan dette ikkje utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje for utviklingselskap, utleigebygg o.l som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

VILKÅR FOR STØNAD

Samla finansiering frå kraftfondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25% av den samla kapitaltrongen for eit prosjektet. Prosjekt som har til siktemål å skaffa arbeidsplassar for ungdom & kvinner skal prioriterast. Ved driftsutvikling kan det gjevast inntil 75% stønad.

Stønaden (tilskot og eventuell subsidiar i samband med lån med redusert rente) skal vera innafor EØS sine reglar for offentleg stønad – stønad skal ikkje utgjere meir enn om lag kr. 850.000 innafor ein 3-års periode.

Stønad over (100.000 ECU/850.000 NOK) denne summen skal rapporterast til Nærings- og handelsdepartementet.

VEDTEKTER & RETNINGSLINER



Det er utarbeid egne vedtekter & retningslinjer for bruken av kraftfondet. Disse bygger på standardvedtekter fastset av Kommunal- og regionaldepartementet. Retningslinjene vart sist revidert med endeleg vedtak den 23.09.08 gjennom Kommunestyrevedtak i sak 72/2008.

Endringane i høve tidlegare retningslinjer;

Avsnittet med formuleringa – ” Det kan og gjevast stønad til prosjekt med lågare kapitaltrøng enn det som kvalifiserer til stønad frå distriktpolitiske verkemiddel. For stønad til slike tiltak gjeld slik avgrensing” vert fjerna.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-
- Utlån kr. 500.000,-

Teksten;

For større prosjekt kan kommunen sjølv avgjere om desse skal få stønad frå kraftfondet eller sendast til SND for vurdering.

Vert endra til;

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Under opplisting av tiltak som ikkje skal gjevast støtte over kraftfondet, kjem det eit nytt kulepunkt kring transportmiddel;

Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter foreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Prosjekt Einekavane A/S.

Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.

- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafor det som kraftfondet gjev støtte til.

ANDRE FORHOLD KRING VEDTEKTENE

Tilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varig driftsmiddel/verksemd/tilskots- grunnlag før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i i høve til den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.

Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret eller kommunestyret for å få presentert prosjektet/forretnings-ideen sin. Etter tre år skal søkjar som har motteke lån/tilskot få eit evalueringsskjema der dei vurderer kommunen sin medverknad i høve til lån eller tilskot og kva servicenivået har betydd for dei.

KRAFTFONDSAKER 2014

Sak nr.	Søklar/tiltak	Søkt om		Løyvd		handsama av kraftfondet;	K-styre handsaming	Brukte midlar 14	Unyttar midlar 14
		Tilskot	Lån	Tilskot	Lån				
	Budsjett 2014 - Masfjorden kraftfond								80 000
1.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	22.04.2014		0	80 000
2.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	22.04.2014		0	80 000
3.	referatsak(er)	0	0	0	0	22.04.2014		0	80 000
4.	årsmelding kraftfondet 2013	0	0	0	0	22.04.2014	30.4.14- 23/14	0	80 000
5.	utbygging av tømmerkai Eidsnes	80 000	0	0	0	22.04.2014		0	80 000
13.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	09.09.2014		0	80 000
14.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	09.09.2014		0	80 000
15.	stordalen skisenter - søknad om lån til trakkemaskin	0	200 000	0	200 000	09.09.2014	18.9.14 -47/14	200 000	-120 000
16.	Delegerte saker	0	0	0	0	09.09.2014		0	-120 000
6.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	02.12.2014		0	-120 000
7.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	02.12.2014		0	-120 000
8.	Kraftfondsbudsjettet for 2015	0	0	0	0	02.12.2014		0	-120 000
9.	JMS musikk - søknad om midlar frå kraftfondet	11 000	0	0	0	02.12.2014		0	-120 000
10.	Haugsværtunet - søknad om tilskot frå kraftfondet	60 000	0	0	0	02.12.2014		0	-120 000
11.	Delegerte saker	0	0	0	0	02.12.2014	11.12.14 - 86/14	0	-120 000
12.	referatsak(er)	0	0	0	0	02.12.2014		0	-120 000
Merknader til oppstillinga:		151 000	200 000	0	200 000			200 000	

KRAFTFONDSTYRET I 2014

Det er eige styre for kraftfondet (f.t. identisk med formannskapet) og det vert ført eiga møtebok for kraftfondet.

Styret i kraftfondet har hatt slik samansetjing

- leiar ordførar Karstein Totland, H
- Marit Steinestø, KrF
- Lene Hansen Kvamsdal, H
- Egil Kvingedal, V
- Arthur Sjørusen, Ap

Frå administrasjonen si side har i all hovudsak vore Aina Idsal Haugland som arbeidd med nærings saker overfor kraftfondsstyret. Det vart handsama 16 saker i kraftfondsstyret fordelt på 3 møte.

UTLÅNSRENTA I KRAFTFONDET

Renta for utlån kraftfond skal fylgja Husbanken si lågaste flytande rente. Dette inneber at renta vert fastset kvarttalvis heretter.

FORVALTNING AV UTLÅNA

Masfjorden kommune har vedteke at forvaltning av utlåna (kraftfond, etableringslån m.m.) skulle overførast til forvaltningsavdelinga hjå sparebanken Vest jf. formannskapsvedtak sak 14/95, noko som har vorte praktisert frå år 2000.

REKNESKAP MASFJORDEN KRAFTFOND 2014

Inntekter:	Budsjett	Rekneskap
Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000	-2 812 668
Avdrag utlån frå kraftfondet	-140 000	-131 899
Renteinntekter, utlån	-10 000	-19 197
Sal av turbok	0	-900
Sum inntekter	-2 750 000	-2 964 664
Utgifter:		
Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000	1 000 000
LVK, regionrådet m.fl. – tilskot/kontingent 2015	350 000	326 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	532 696
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	24 300
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
Sertifikatordninga	30 000	15 000
Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000	0
Tilrettelegging bustadforemål	150 000	0
Elevbedrift/gündercamp	20 000	1 000
Mobil/breibandsdekning	400 000	0
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0	82 669
Landbrukdiltak	0	0
Andre næringsiltak - (GMU med 250 000)	250 000	250 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	0	34 731
Etableringstilskot	120 000	80 000
Frie fondsmidlar til fordeling	80 000	30 000
Sum utgifter	2 750 000	2 476 396
Utlån 2014		400 000
Unytta 2014		-88 268



ETABLERINGSTILSKOT

Kommunestyret handsama nytt regelverk for etableringstilskot i møte 18.04.2005, som sak 19/05 – med justering av satsane under Kommunestyremøte 11.12.2008, sak 99/08.

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innafor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

KOMMUNALT INVESTERINGSTILSKOT VED KJØP AV MJØLKEKVOTE, TILSKOT PR. LITER KJØP KVOTE:

Søklar under 30 år	50 %
Søklar mellom 30 - 40 år	25 %
Søklar over 40 år	12,5 %

STØTTE TIL SERTIFIKAT - FRAMLEGG TIL RETNINGSLINJER

Vedtak frå Kommunestyret, den 19.09.2003:

Masfjorden komunestyre vil etablere ei prøveordning med økonomisk støtte til sertifikat for ungdom mellom 16 og 20 år som i tillegg til vanleg opplæring ved kjøreskular deltek i eit haldningsskapande kurs om trafikksikring og rus som vert avvikla i Masfjorden kommune. Målet for tiltaket er å utvikla sunne haldningar til trafikk og rus hjå den enkelte ungdom og å skolera og påverka det samla ungdomsmiljøet i Masfjorden.

Vidareført i Kommunestyrevedtak 39/06.

ELEVBDRIFT

REGELVERK FOR TILDELING AV STØNAD GJENNOM KRAFTFONDET

1. Ordninga med stønad til elevbedrifter vert utlyst ved starten på haustsemesteret og starten på vårsemesteret.
2. Frist for søknad på hausten er 1. oktober.
3. Frist for søknad på våren er 10. februar.
4. Skulane har ansvarshavande lærar som har ansvar for drift og økonomi i bedriftene.
5. Søkjaren må ha kontonummer pengane vert overført til.
6. I søknaden må det gå fram kva stønaden skal nyttast til. Stønaden vert utbetalt som ein eingongssum. Elevbedrifta sender så rekneskap som viser at midlane er nytta i samsvar med søknaden. Eventuelle endringar må meldast ny søknad og sendast rådmannen for godkjenning. Unytta midlar må betalast tilbake til kommunen.
7. Alle elevbedriftene må senda ferdig attestert godkjent rekneskap til rådmannen.
8. Rektor har ansvar for at skulen har etablert ei ordning der ein tilsett attesterer og godkjenner rekneskap.
9. Dei produksjonsmidlane bedriftene med stønad kjøper inn, er skulen sitt eige når bedrifta vert lagt ned. Framtidige bedrifter kan leiga produksjonsmidlet hos skulen for ein avtalt sum. Leigesummen tilfall skulen.
10. Dei elevbedriftene som får tildelt lån, må skriva under ein låneavtale med plan for tilbakebetaling.





VEDTEKTER FOR MASFJORDEN KRAFTFOND

Kommunestyret handsama i 2008 revisjon av vedtektene for kraftfondet. Gjeldande vedtekter er etter vedtak den 23. september 2009 i Kommunestyresak 72/2008. Vedtektene med retningslinjer følger på påfølgjande sider.

§ 1 Kraftfond - Heimel, kapital og avkastning

a. Fondskapitalen er:

Kraftfond på 1. million kroner, innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap(BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget, oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt 2 i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980.

b. Avkastning:

- Årleg konsesjonsavgift som vert innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av konsesjonsvilkåra for Matre- og Haugsdalsvassdraga.
- Renter og annan avkastning av fondskapitalen

Avkastninga kan nyttast til tilskot og/eller lån.

§ 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemdar og kommunen.

Verksemdar som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 3 Former for stønad

Stønad gjennom kraftfondet kan gjevast i form av tilskot eller lån.

Vidare er det høve til å stilla garantiar for kommunale tiltak i den grad desse er gyldige garantiføremål etter kommunelova § 51 og føresegnene for kommunale garantiar.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

Det er ikkje høve til å søkje om støtte til same prosjekt kor kommunen har fatta vedtak tidlegare

Tilskot gjennom kraftfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/ verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.



§ 4 **Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området**

Bruken av kraftfondet skal vera i samsvar med det internasjonale reglane Noreg har slutta seg til på statsstøtte område (dvs. EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte) jf. rettleiar frå Nærings- og handelsdepartementet av 5.01.2001.

§ 5 **Vilkår for stønad**

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte”.

Stønad (tilskot og eventuelle subsidiar i samband med lån med redusert rente) skal vere avgrensa til:

Maksimal stønad må liggje innanfor ei samla grense på 100 000 ECU (omrekna i høve til referansekurs fastset av ESA - EFTA overvakingsorgan kvart år) til ei og same bedrift i ein tre års periode.

Bedrift som mottar stønad plikter å opplyse om bagatellmessig stønad bedrifta har motteke dei siste tre åra.

- Bagatellmessig stønad kan gjevast alle bedrifter uavhengig av storleik
- Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringer, unnateke stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport

Dersom fondsstyre i kommunen ynskjer eit kraftfond utan avgrensingane som reglane om bagatellmessig stønad gjev, må kommunen sjølv ordne med at tiltaket vert meldt til Nærings- og handelsdepartementet, via Kommunal- og regionaldepartementet i samsvar med Lov om offentleg stønad § 2.

§ 6 **Forvaltning**

Kommunestyret nemner opp styre for kraftfondet. Kraftfondsstyret er for tida identisk med formannskapet. Styret kan delegera avgjerdsrett til administrasjonen etter nærare gitte fullmaktsgrenser. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingar som følgjer av kommunelova sine reglar og dei kommunale budsjett- og rekneskapsføresegner.

Fondsmidlane skal plasserast på rentebærande konto, slik at midlane til ei kvar tid er til rådvelde.

Rente og avdrag utlån skal attende til kraftfondet. I særlege høve kan Kommunestyret gjera unntak for heile eller deler av renta.

Annan plassering av fondsmidlane kan berre godtakast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ei kvar tid.

Når det gjeld høve til å klage på avgjerder syner ein til § 59 i kommunelova (lovleg-kontroll) og forvaltningslova § 28 andre ledd (klage på enkeltvedtak). Klagefrist er 3 - tre - veker etter at vedtaket er gjort.

§ 7 **Årsmelding**

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 8 **Godkjenning av vedtektene**

Kommunestyre skal gjera vedtak om endring av vedtektene.

Vedtak om endring av vedtektene for kraftfondet skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland. Kopi av godkjende vedtekter vert å sende Fylkeskommunen/innvasjon Noreg.



RETNINGSLINER FOR BRUKEN AV KRAFTFONDET

Til § 1 Kraftfond - Heimeel, kapital og avkastning

Grunnkapitalen på kr. 1.000.000,- vert plassert i bank eller finansinstitusjon på best mogleg vilkår.

Midlar frå kraftfondet kan setjast av til garantifond, når det vert gjeve garanti for kommunale tiltak. Styret for kraftfondet kan gje garantiar for opp til kr. 500.000,- av fondskapitalen. Vilkåret er at garantien er gyldig etter § 51 i kommunelova.

Til § 2 Føremål

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Som del av kommuneplanen skal det lagast ein eigen næringsplan. Denne skal gje grunnlag for prioritering av prosjekt. Næringslivet i kommunen bør trekkjast aktivt med i utarbeidinga av ein slik plan. Planen skal innehalde strategiar for kommunen sin kvinne- og ungdomsretta tiltaksarbeid.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

- **Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid**
til dømes: næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid skule/næringsliv og stadutviklingsprosjekt.
- **Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd**
til dømes: kommunal tilrettelegging av næringsarealer, fysisk stadutvikling, infrastruktur for reiseliv, vassforsyning.
- **Bedriftsutvikling**
til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.
- **Investering i bedrifter**
til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.
- **Ungdom, utdanning og arbeid**
til dømes: Støtte til private verksemder som tek inn lærlingar i yrkesretta fag.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- | | |
|---------------------|---------------|
| • Bedriftsutvikling | kr. 40.000,- |
| • Investeringar | kr. 200.000,- |
| • Utlån | kr. 500.000,- |

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

Ved ein eventuell samfinansiering med midlar frå andre støtteordningar, kan samla offentleg stønad ikkje overstige stønadsdel som er fastset i § 5.



Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter føreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Einekavane AS. Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.
- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafør det som kraftfondet gjev støtte til.

Ut over dei prioriteringar som er gjort i strategisk næringsplan, bør all næringsverksemd likestillast. Kommunen bør derimot ikkje gje stønad til næringsverksemd som mottar store overføringar over statsbudsjettet.

Til § 3 Former for stønad

- a. Stønad til nyetableringar skal i hovudsak gjevast som tilskot eller lån på visse vilkår, under dette ansvarleg lånegjeld. Storleiken på tilskota og/eller lån skal vurderast ut i frå samla kapitaltrøng og tilgang på andre distriktpolitiske verkemiddel.
- b. Garantiar kan berre gjevast dersom desse kan godkjennast etter § 51 i kommunelova.
- c. Kraftfondet bør ikkje nyttast til å teikne aksjar og andeler i privat næringsverksemd. Kommunen kan fort komme i ein uheldig dobbelrolle som ansvarleg for både investering/drift og tilskot/lån.

Til § 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området

og § 5 Vilkår for stønad

Ei øvre ramme for stønadsbeløp pr. prosjekt må haldast innafor dei maksimale rammene som følgjer av ESA statsstøttereclar. Gjennom EØS- avtalen har Noreg forplikta seg til å avstå frå å yte konkurransevriane offentleg stønad til næringslivet i den grad stønaden påverkar samhandelen mellom EØS- landa. Definisjonen offentleg stønad dekkjer stønad gjeve frå offentlege kjelder anten desse er statlege, fylkeskommunale eller kommunale. Reglane om offentleg stønad vil derfor regulere bruken av kraftfond når fonda nyttast til stønad til bedrifter. Stønad til prosjekt i kommunal regi, som nærings- og tiltaksprosjekt og infrastruktursprosjektar fell ikkje inn under reglane om offentleg stønad.

Sentralt i reglane om offentleg stønad er kravet om stønadsordningar skal meldast inn og/eller eventuelt notifisert av EFTA's overvakingsorgan. I Noreg samordnar Nærings- og handelsdepartementet slik innmelding til overvakingsorganet. Innafor godkjent stønadsordning vil det normalt ikkje vere nødvendig å melde inn enkeltvedtak om stønad.

Kommunen har under § 5 i vedtektene for Masfjorden kraftfond gått inn på bagatellmessige stønadsordningar. Bagatellmessige stønadsordningar skal meldast til ESA, og krev ingen årleg rapportering.

Reglane om bagatellmessig stønad seier at ei bedrift kan motta inntil 100.000 ECU (omrekna i høve til referansekurs fastset av ESA - EFTA overvakingsorgan kvart år)

til ei og samme bedrift i ein tre års periode frå det tidspunkt ei bedrift er tildelt bagatellmessig stønad. Ein må difor ta omsyn til all tildelt bagatellmessig stønad for ei bedrift innafor siste tre års perioden og som er blitt definert som bagatellmessig stønad. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

Med stønad til eksport tenkjer ein på, stønad som kan koplast direkte til mengde eksporterte varer frå bedrifta, etablering og drift av eit distribusjonsnettverk.

Det kan gjevast stønad til følgjande tiltak i samband med eksport:

- Rådgeving for identifisering av bedrifta sine behov og val av tenester
- Kompetansegevande tiltak



- Utarbeiding av eksportmarknadsplan
- Studiar eller konsulenttenester som vil vere nødvendig for å lansere eit nytt produkt eller eit eksisterande produkt på eit ny marknad
- Marknadsundersøkingar/innhenting av marknadsinformasjon
- Deltaking på messer

Lån frå kraftfondet skal sikrast med pant i fast eigedom, leigerett med driftstilbehør, maskiner eller salspant. Rente på lån frå kraftfondet skal følgja Husbankens lågaste flytande rente

Til § 6 Forvaltning

- a. Formannskapet er styre for kraftfondet, og vert delegert avgjerdsmynde i alle saker. Formannskapet kan vidare delegere mynde til rådmannen. Søknad om tilskot over kr. 50.000 og lån over kr. 100.000,- skal likevel handsamast av kommunestyre.
- b. Søknader kraftfondet skal skje elektronisk – skjema finn ein på kommunen si heimeside på internett www.masfjorden.kommune.no og alle søknader vert å sende postmottak@masfjorden.kommune.no. Saksførebuinga til styret for kraftfondet vert delegert til rådmannen i samsvar med § 23 i Kommuneleva. Rådmannen kan intern delegere mynde.
- c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret eller Kommunestyret for å få presentert sin prosjekt/forretningsideen sin.
- d. Etter tre år skal søkjar som har motteke lån/tilskot få eit evalueringsskjema der dei vurderer kommunen sin medverknad i høve til lån eller tilskot og kva servicenivået har betydd for dei.
- e. Budsjett og rekneskap skal integrerast i kommunen sitt økonomisystem i samsvar med gjeldande føresegner. I tillegg forutset ein at det vert utarbeid eit vedlegg til rekneskapen med ein samla oppstilling av kraftfondet sine inntekter og utgifter. I budsjettet skal Kommunestyret konkretisere sum frie fondsmidlar til tildeling i form av hhv. lån og tilskot
- f. Mindretalet i kraftfondsstyret kan bringe organet sitt vedtak inn for kommunestyre

Til § 7 Årsmelding

Kvart år skal det leggast fram for kommunestyret ei melding om bruken av kraftfondet.

Årsmeldinga for kraftfondet skal innehalda:

- Rekneskap
- Oversyn over prosjekt
- Analyse over korleis fondet er nytta sett i høve til prioriteringa i strategisk næringsplan
- Trong for endringar i prioriteringar/retningslinjer for bruken av kraftfondet for neste år

Søkjarar som har motteke lån til prosjekt skal sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg inntil lånet er nedbetalt/innfridd innfridd og søkjarar som har vorte tildelt tilskot gjennom kraftfondet skal sende inn rekneskap/årsmelding for det aktuelle år tilskotet vart utbetalt med tilbakemelding om kva betydning tilskotet hadde for det aktuelle året”.



MASFJORDEN NÆRINGSPRIS

RETNINGSLINJER

FORMÅL

- § 1 Prisen er meint som ein inspirasjon til næringslivet i kommunen og skal vera eit heidersteikn til verksemda som mottok prisen. Prisen skal verte tildelt ei verksemd som har utmerka seg og alle kan komma med framlegg til kandidatar. Blant kandidatane vel ein oppnemnt komité, vinnaren.

INNHOLD

- § 2 Prisen skal bestå av eit diplom i tillegg til ein pengesum sponsa av Masfjorden kommune.

KVEN KAN FÅ PRISEN?

- § 3 Krav til verksemder som kan få prisen:
Alle som leverer næringsoppgåve
Hovudkontoret må ligge i Masfjorden
Verksemda må ha vore i drift i eit heilt år og må ha levert årsrekneskap.

TIDSPUNKT FOR TILDELING

- § 4.a Prisen skal verte tildelt årleg, fortrinnsvis under Kraftspela, eller ved tilsvarande arrangement. Dersom det ikkje er noko høveleg arrangement, skal prisen verta delt ut i løpet av første halvår kvart år.
- § 4.b Dersom komiteen ikkje finn verdige kandidatar, vil det ikkje verta delt ut nokon pris for det aktuelle året.

FRIST FOR NOMINERING AV KANDIDATAR


- § 5 Alle kan komme med framlegg til kandidatar. Medlemmar av Masfjorden Næringsforum skal kvart år bli oppfordra til å nominera aktuelle kandidatar til prisen. Frist for å komme med framlegg vert sett til 1.mars kvart år.

TILHØVE SOM SKAL VEKTEGGAST VED TILDELING

- § 6.a Følgjande kriterium/ forhold vil bli lagt vekt på ved tildeling av pris:
Skaper positivt omdømme for Masfjorden
Evne til omstilling og nytenking
Skaping av nye arbeidsplassar
Resultatutvikling
Arbeidsmiljø
Kompetanseutvikling
Serviceinnstilling
Miljøomsyn
- § 6.b Kriterium for prisen skal godkjennast av årsmøtet for Masfjorden Næringsforum kvart år.

KOMITÉ FOR TILDELING AV PRIS

- § 7.a Komiteen for tildeling av prisen skal vera samansett av fem personar:
2 pers frå styret i MNF, valt på årsmøtet for 1 år
1 person frå Masfjorden kommune, oppnemnd av kraftfondstyret
Sparebanken vest i Knarvik v/ næringsavdelinga
Avisa Nordhordland v/ redaktøren
- § 7.b Styret i MNF skal kvart år vera pådrivar for utdeling av Masfjorden Næringspris.



BUDSJETT 2015

MASFJORDEN KRAFTFOND

Vart handsama av Kommunestyret den 11.12.2012, sak 124/12

1. Årsbudsjett 2015 for Masfjorden kraftfond vert fastset slik:

Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-140 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	Div. inntekter/sal av turbok/Ref.HFK	0
	Sum inntekter	-2 750 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet m.fl. – tilskot/kontingent 2015	400 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatorordninga	30 000
	Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	0
	Tilrettelegging bustadføremål	150 000
	Elevbedrift/gründercamp	20 000
	Andre næringstiltak (GMU med 250 000)	250 000
	Etableringstilskot	200 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	400 000
	Sum utgifter	2 750 000

2. Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.